


Lu 20, -

Sprang og spranghandverkarar i Gudbrandsdalen

Av Torbjørg Gauslaa



Særtrykk frå Maihaugen 1992

746.42
Ga

000286/92

746.42

Gau

SPRANG OG SPRANGHANDVERKARAR I GUDBRANDSDALEN

Av Torbjørg Gauslaa

Sprang er ein gamal handverksteknikk, brukt til finare tekstilar. I denne artikkelen blir det fortalt om sprang og om dei kvinnene som kunne denne teknikken, og som førde tradisjonen vidare som ein slektstradisjon.

Sprang er ein handverksteknikk med eit renningsystem spent opp i ei ramme, men utan innslag. Dei ferdige tekstila får ein ved at ein slyngjer trådane om einannan etter eit visst system. Ein arbeider midt i ramma og dreg slyngingane ut mot endelykkjene oppe og nede. Dermed får ein to like tekstilar av eitt arbeid.

Sprang er ein forhistorisk teknik som er kjend både frå egyptiske mumiegraver og frå vårt eige land m.a. frå Teglefunnet og Osebergskipet.

I dag kjenner vi namnet på og har opplysningar om mange av kvinnene som kunne dette handverket *sprang* eller *bregding*. *Ramslått* heiter det i Skjåk. Det er takka vere Anna Grostøl sitt samlararbeid på 1920- og 30-talet at vi har opplysningar om sprang og spranghandverkarane i Gudbrandsdalen. Resultatet av innsamlinga publiserte ho i boka *Sprang* som kom i 1932 (ny utgåve i 1977).

Anna Grostøl var født på Lista i 1894 og døydd i 1962. Ho var velutdanna, m.a. hadde ho eksamen frå lærarskolen i Kristiansand i 1915 og frå Den Kvinnelige Industriskole i 1919. Ho var lærar i Oppland i 10 år, ved framhaldskulen i Land 1920-29 og ved Vestoppland folkehøgskule i 1929.

Anna Grostøl hadde nær kontakt med Gud-

brandsdalen, m.a. gjennom brevkontakt med informantar i Vågå og Skjåk i 1928-29, Maihaugbesøk i 1928, studietur i sommarferien i 1930, ny studietur i sommarferien 1934 og med Nansenstipend til Lesja.

Etter at ho fekk filmapparat, vende ho i 1941 attende til Skjåk og Lom der ho tok opp film av sprangarbeid utført av Guro Breiskriden.


I åra mellom 1920 og 1960 kom Anna Grostøl til å gjere eit stort og verdfullt samlararbeid i Noreg, særleg på det tekstile området. Dette materialet er i dag å finna i *Anna Grostøls Samlinger*. Materialet nordfra er i Tromsø Museum og i Nord-Troms Museum, og det andre er på Norsk Folkemuseum og i Åseral kommune.

Anna Grostøl dreiv ikkje berre innsamlingsarbeid, ho sørgde òg for at andre fekk del i kunnskapane hennar. Både gjennom boka *Sprang* og elles ivra Anna Grostøl for at dette tekstilhandverket skulle verta allment kjend, og for at folk skulle lære seg det.

I boka hennar om sprang er Gudbrandsdalen godt representert.

Tittelbladet i boka viser ei fint utskore sprangramme frå Vågå som Augusta Helberg hadde. Augusta Helberg deltok på handverksdemonstrasjonane på Maihaugen sommaren 1914. Ho var frå Trøndelag. Sprang var eitt av handverka som vart vist på Maihaugen den sommaren. Augusta Helberg vekte stor interesse med sitt arbeid. Sprang fekk stor omtale

◀ Guro Breiskriden, Skjåk, med den eine sprangramma si. Guro lærte sprang av farmora, Marit Vigstadviken. I 1941 filma Anna Grostøl Guro og sprangarbeidet hennar. (Foto Anna Grostøl 1941).



Sprangramme med påbyrja arbeid i, frå Lesja eller Oppdal. (Foto Anna Grostøl 1934).

i avisene i Lillehammer og i Kristiania (Oslo). Finn Lie hadde ein artikkel om handverket i fleire aviser. Om sprang skreiv han dette: «I anden etage i den gaard (Bjørnstad) hvor frk. Smith holder til, er frøken Helberg flyttet ind med sit haandklæsprang. Dette husflidsarbeide, sprangbrigdning, er et av de ældste man kjenner. Nu begynder det sammen med saa meget andet at gaa i glemmeboken. Men endnu er det enkelte hist og her som kjender det. Saaledes sat Marie Bergenden fra Vaage en tid inde paa utstillingen (1914-utstillingen i Oslo) og viste folk denne vakre husflid. Sprangbrigdning er nærmest et kniplingsarbeide og ved arbeidets utøvelse bruker man en træramme hvor garnet, av lin, er sat ind. Der er en mængde traade, ca. 900, og alle disse maa holdes fra hinanden. Knyttes en eneste traad feil, kan hele mønsteret være ødelagt. De forskjellige mønstre er som oftest meget vakre. Det minder lit om vor hardangersøm. I og for seg er det jo noget langt andet, da arbeidet her knyttes og ikke syes. Spranget bruktes i gamle dage til forskjellige ting, mest dog til haandklær. Det er flere eksemplarer av sprangede haandklær paa Maihaugen, f.eks paa Bjørnstad.»¹

Det var ikkje berre framsida av Anna Grostøls bok som hadde med noko om Gudbrandsdalen. 11 av dei 30 sprangmønstra og mønsterbordane som ho presenterer i boka si, kjem frå vårt distrikt. Ein av mønsterbordane er heimfesta til Gudbrandsdalen, medan dei andre har lokal heimfesting med to frå kvar av kommunane Skjåk, Vågå og Nord-Fron og ein frå Dovre, Lesja og Lom. Desse mønstra er truleg dei vi finn opplysningar om i Anna Grostøls sprangnotatar: «Tileigna M.S. Då eg for fleire år sidan lærte dette arbeidet, spurde eg lærerinna mi etter trykt mønster.² Nei, slikt trudde ho ikkje fanst. På den tida måtte eg ikkje sitja og bregda av dei gamle sprangbordane eg frå ymse kantar av landet fekk låna saman for at elevane på skulen skulle bli interessert. Eg prøvde sjøl å teikne dei.»³

Undervisning i sprangarbeid i skoleverket kom seint i gong. I eit svarbrev til Anna Grostøl 29. 3. 1933 skriv bestyrerinna ved Den Kvinnelige Industriskole: «Fra 1921 av har elevane i avd. for prydsøm og knipling fått undervisning i sprang, en teknikk som er blitt mer og mer populær blandt dem i de siste år.» (AGS)

Truleg er det Anna Grostøl som har skrivne den usignerte artikkelen i bladet «For bygd og by» 3. april 1921. Her kan vi m.a. lese: «. . . Det var soleis ei liti kvardagsleg lysing i eit blad som her om dagen bles liv i noko eg mest ikkje hadde tenkt paa sidan eg saag det. Lysingi var berre paa eit par linor og lydte omlag soleis: «Undervisning i sprang (bregding) gives. Ring telefon nr. . . » Ordi song i øyro mine. Sprang, kva var det med dette. Bregding? Kor hadde eg høyrte ordet fyrr? Hadde eg ikkje sett noko og? Noko vent. Jau, no hadde eg det. Det var paa utstillingi i 1914. Eg svinta ofte innum husflidsromi der eg saag med glede og undring paa alt det vakre som der syntte att etter kvinnehand, ja etter mannshand og. Eg laug um eg sa at eg hugsa att mykje av det eg saag. Eg hadde visst ikkje kunne nemna ein einaste einskild ting, um ikkje denne vesle lysingi hadde trylla fram biletet av noko lett, kvitt, noko mest liknande paa ein duk, som ei eldre kone sat og pritla paa. Ho bruka ikkje anna reidskap enn sine eigne hender og noko som likna paa den klæ-



Sommaren 1914 vart det demonstrert mange handverks- og husflidsteknikkar på Maihaugen. Fleire former for tekstilarbeid vart vist. Det var linreieing,

deshengaren som stod heime i omnskraai og jamnast hekk full av reivor. Eg saag paa handlaget aat den kona, kor mønstret i det eg kallar duk voks fram berre med at ho flytte paa traadane. Det var nytt for meg altsaman, og eg vart staaande og glaapa paa kona. Til slut vaaga eg meg fram med ein liten spurnad, om kva det var for slag handverk ho dreiv. Jau, ho bregda, sa ho. Truleg var ho av det slaget som ikkje tala i utide. Meir fekk eg ikkje vita daa, og eg rusla vidare. Eg skjemdest mest. Eg tykte mi vankunne var synberr for kvar og ein.

Men endaa den vesle kvite duken var noko med det venaste eg hadde set, og endaa kona var noko med det mest heimslegaste paa heile utstillingi, so hadde eg gløymt altsaman til dei faa ordi i bladet fekk meg til aa sjaa biletet att, klart og tydeleg. Eg skyna at noko maatte det ha vore ved dette eg hadde set, sidan det hadde bite seg so fast. Eg vilde faa greide paa dette, gjekk etter telefonnummeret og fann fram til frk. Fjestad i Neuberggata 4. Ho er det som lærer folk her i byen denne gamle kunsti.



veving, kunstvev og sprang. Augusta Helberg sat på Bjørnstad og demonstrerte sprang. Bileta syner mangfaldet i utnyttinga av teknikken. (Foto DSS).

«Det er ikkje mange i landet no som kan bregda», segjer frk. Fjestad. «Kunsti held paa aa døy ut. Men no kjem det folk fraa Sverike og vil læra hjaa oss, så no blir det vel gjevare med bregding i Norig og.» Paa husflitskulen hjaa Frølich paa Ljan fekk frk. Fjestad fyrst sjaa sprang. I Skjaak og Vaagaa har dei drive med det. Ho som sat ved bregdestolen paa utstillingi i 1914 var Maria Bergenden fraa Vaagaa. Ho har bregda spranget paa den fine alterduken i Vaagaa-kyrkja. Fraa Rindalen, Meldalen og Dovre har ein mykje vakkert sprang. Bregdekunsti er svært gamall. Ho skal ha vore kjend her nord for over 3000 år sidan. Heimstaden meiner dei lærde er Egypt. . . I dei faa norske bygdene der bregdekunsti enno lever brukar dei aa setja sprang til pryd paa laken, putevar, handdukar og salvetar. Det tek seg overlag godt ut. Det var aa ynskja at folk over heile landet vilde faa augo upp for dette vene, heimslege handarbeidet, læra kunsti og nytta ho», skriv artikkelforfattaren i «For bygd og by» i 1921.

Tradisjonsberarane i Gudbrandsdalen

Dei Gudbrandsdalskvinnene vi vil omtale her, har ikkje sprangarbeidet som skulelærdom, men har lært det lokalt i levande tradisjon av tidlegare generasjonar. Desse kvinnene som vi kjenner namnet på, hadde lært handverket i Skjåk, Vågå og Lesja. I Vågå og tildels i Lesja har dei hatt kunnskapen om sprangteknikken som personleg eigedom.

VÅGÅ

Vi har allereie nemnt Marie Bergenden (1876-1930). Foreldra hennar, Marit Sunde (d. 1917) og Andreas (frå Biri, 1836-1929), budde på Bergenden, ein husmannsplass under Sunde. Marie budde på Bergenden ilag med foreldra.⁴

I Anna Grostøl si samling av sprangnotatar finn ein mønster til «Pyntehandklebord laga av mor åt Marie Bergenden, Marit Bergenden.» Kor Marit hadde lært det er ukjend. Marie må ha lært sprang av mor si, heime på Bergenden.

I 1928 og 29 brevvekslar Anna Grostøl med Marie Bergenden, m.a. ønskjer ho å kjøpe sprangarbeid av henne. I eit svarbrev frå 1928 stadfester Marie at det var ho som var på Jubileumsutstillinga i Oslo i 1914. Marie fortel òg at det var ho som hadde laga vantane som låg der. Vidare skriv ho: «Denne Sprangbog som


de skriver om har jeg ikke selv. Men i sommer kom der en Sprangbog ud av Astrid Sandvold og Halfdan Arneberg (Sprang 1927) i den er tre av mine Mønstre nemlig Alterduken i Vaage Kirke og to andre. Jeg ser at de ønsker at faa av mine Mønstre og kunde de gjerne men vist de faar fra Maihaugen for til dem gjorde jeg tolv par og ikke nogen likedan og mønstre har jeg gjort selv undtagen tu, saa jeg har ikke saa mange selv, som det er paa Maihaugen.»⁵

I brevet nemner ho at ho skal til å lage «smykker til kjoler og border til dug» og elles «gjør jeg for pyntehandklæ og laken og putevar.»

I eit anna brev frå 1929 fortel Marie at det tok så lang tid avdi ho hadde lege sjuk heile sommaren, men at «nu har jeg istand Sprang til løper og smykkene men vantene blev for smaa men vist de vil have saa faar de senere, for smykkene kr. 12 og sprang kr. 12 tilsammen kr. 24.» (AGS)

Marie døydde fem månader seinare, men Anna fekk nok vantane òg, det er truleg dei det er bilete av i *Sprang* som «Bregda vott fra Vågå, Gudbrandsdalen.»

Marie Bergenden ville halde arbeidet som sin løyndom og ta det med seg i grava. Men i 1928 gav ho seg på det. Om dette og om eit sprangkurs i Vågå fortel Anne Dehs 60 år sei-



Detalj frå den 16 cm breie lin-sprangborden på altarduken i Vågå kyrkje. Linduken har svartsaumbroderi med sprangbordar på tre sider. Sprangborden er komponert og bregda av Marie Bergenden. (Foto Torbjørg Gauslaa).

nare til T.G.: «Kurset varte en måned, om jeg ikke hugser feil, og jeg tror vi holdt på hele dagen, og med kaffipause midt på dagen. Vågå husflidslag (starta 1928) måtte lokke og true før de fikk Maria til å ta kurset. Hun ville helst gå i graven med sin kunst. Men da de truet med å finne en fra Oslo som kunne lære bort sprang, og de lokket med rause 180 kroner i lønn så gav hun seg. Vi var ni kursdeltakere. Først da en av mine brødre påstod at hvis de andre kunne lære sprang, så måtte jeg også greie det, torde jeg å melde meg på.»

Anne Dehs, født Mohn i 1912, var ei av dei ni som i 1928 fekk lære sprangarbeidet av Marie Bergenden. Anne trur ho er den einaste frå kurset som heldt arbeidet ved like. Ho har arbeid mykje med sprang og har halde mange kurs. Ho lærte Marie sine kunstar vidare til nye slekter både i og utafor Gudbrandsdalen.

Den gamle altarduken i Vågå var avbilda i Astrid Sandvold og Halfdan Arneberg si bok *Sprang* frå 1927, med billetekst «Alterduk med sprang og broderi efter tegning av Gerhard Munthe. (Vågå kirke)» I brevet til Anna Grostøl i 1928 skriv Marie Bergenden: «... i den (boka) er tre av mine Mønstre, nemlig Alterduken til Vaage Kirke og to andre.»

Sprangbordane på denne duken er laga av Marie Bergenden. Duken har nå tent ut og er rett og slett utsliten, sjølv om han tidlegare har vorte både stoppa og lappa med nytt broderi. Duken er ein fin tekstil, og det er å vone at han òg i framtida blir teken godt vare på.⁶

Vågåkyrkja har ein altarduk til med sprang, ein kopi av den gamle, laga av Mari Sandbu Rasmussen. Mari gjekk ikkje på kurset i 1928, og det er ukjend kven ho har lært av.

Både i Anna Grostøls Samlinger og i privat eige er det fleire mønstre frå Vågå, mange av dei frå gamle linsprang. Ein del mønster har namn frå garden dei var eller er på, t.d. mønster frå Kvarberg og Sandbu.

SKJÅK

Skjåk står i ei særstilling avdi Anna Grostøl her har gjeve oss mange opplysningar. Ho sikra arbeidsmåten for ettertida då ho i 1941 gjorde filmopptak av ramslått, utført av Guro Breiskriden (1860-1945).

Guro hadde lært det då ho var i konfirmasjonsalderen, «mor hass far, Marit Vigstadvi-

ken, lærde meg å slå i rame og å veve bragdeband», fortalde Guro til Anna Grostøl i 1941.

«På husflidutstillinga i Skjåk i 1925 fekk ho premi for «bragding»: Mønstervovne band og for «sprangarbeid». – Men ho hadde aldri høyrte det namnet på ramslått.» (AGS)⁷

Namn som framleis er i bruk i Skjåk er *ramslått*, *slå i rame*, *slå slisse*.

Guro er sonedotter til Marit Vigstadviken (1797-1884). Marit Vigstadviken (f. Kvåleie) er ei av dei som vi veit om som kunne dette handverket.

I Skjåk er ramslått stort sett ein slektstradisjon. Dei fleste utøvarane er Marit Vigstadvikens etterkommarar, eller dei er frå inngifte slekter eller frå sidegreiner.

Desse kvinnene – to døtre, ei sonekone og ei sonedotter – har lært handverket i direkte overlevering frå Marit Vigstadviken:

Guro Olsdtr. (1827-1903) g. Fallingen 1857
Synne Olsdtr. (1829-1908) g. Kjørren 1860
Marit Larsdtr. Pladsen (1831-ca. 1915/20) g. 1854 m. Tore Olsen (1825-1864).
Sonedottera Guro Toreldr. (1860-1945) g. Breiskriden 1886.

Døtrene Guro og Synne lærte det vidare til døtrene sine:

Brit Amunddtr. Fallingen (1857 - ca. 1927/28) g. Langleite 1900
Rønnaug Olsdtr. Kjørren (1859-1948) g. Viken 1883.

Andre som kunne det eller kan det – dei fleste med tilknytning til Marit Vigstadviken si slekt – har truleg lært å slå i rame av Marit eller av nokon som hadde lært det av henne. Dette er m.a.:

Torø Larsdtr. Pladsen, f. 1836 g. Kveen 1862
Tina Olsdtr. Skriden, f. 1885 g. Lykre 1910
Tora Nilsdtr. Haugen, f. 1890 g. Moastuen 1911

Ragnhild Persdtr. Horten, f. 1895 g. Kolstadløyken 1920

Maria Rolvsdtr. Breiskriden, 1900 – 1981
Guro Torsteinsdtr. Ytre, 1909-1984 g. Breiskriden 1929

Rønnaug Amalie Syversdtr., 1900-1979 g. Haugen 1921

Ingrid Haugen, 1901-1990

Guro Larsdtr. Tuva, f. 1905 g. Tuva 1935

Tea Larsdtr. Tuva, f. 1908 g. Forberg 1930

Margrete Toresdtr. Haugen, f. 1910

Tea Sylfestdr. Lykre, 1911-1987 g. Moastuen 1937

Klara Sylfestdr. Lykre, f. 1912 g. Randen 1944

Filmopptaka med Guro Breiskriden vart gjort i 1941. Anna Grostøl hadde vore i Skjåk i 1930, og etter at ho fekk seg filmmapparat kom ho attende i 1941. Ho ville feste arbeidsmåten for sprang eller ramslått til filmrullen.

I 1941 fortalde Guro Breiskriden m.a. dette til Anna Grostøl: «Ho trudde ikkje det var andre ætter i Skjåk som hadde arbeidd med ramslått i den tid ho visste. Det var berre dei som hadde lært av bestemor hennar. Det var ikkje andre som hadde interesse av det. Bestemora hadde også lært dei to døtrene sine dette med «å slå i rame». Men det er ikkje nokon att etter den eine dottera, nokon som har halde arbeidet ved like. Etter den andre lever ei dotter, Rønnaug Viken. Ho er busett i Skjåk. Ho har visst ikkje arbeidd slisse, men ho gjorde slike «bind» når ho tente hjå folk. Det var «store lange bind til å ha uttapå klæen.» «Skjerp» pla ein kalla slikt. Til å ha uttapå store pelsa. Ein tok dei først rundt halsen, og så i kross over bringa, og så knytt kring livet.»

Anna Grostøl intervjuar Rønnaug Viken som fortalde om mora si, Synne Olsdotter: «Jau, ho hadde laga band til å ha kring halsen, i kross over bringa og så binde kring seg, til to. Sylfest Brekke var den eine. Men då var ein rame forliten. Då hadde ho ein «kjæng» i veggen på kvar side av romet. Og så «før mæ nykla frå kjengen til hin kjængen» til det var nok. Ja, dette hadde ho «lært tå mor mi.» Jau, ho hugsa at mora, Synne Olsdatter Kjørren, kunde snu opp ned på ramen. Og mora laga slike lange band til å ha kring se, te karar.»

I 1941 fortalde Ragnhild Kolstadløyken til Anna Grostøl at «Tore Kve på Kve i Bråtå (Torø Kveen) lærde meg ramslått, men bare slet. Ho kunne vel ikkje anna. Ho hadde laga bind mæ frøns. Bind til å knyte kring livet utanpå klæde om vinteren.» (AGS s.72)

Namngjeving, teknikk og mønster

For å gi eit lite bilete av variasjonane både i namngjevinga og kva tekniske muligheter som låg i teknikken, tek vi med nokre opplys-

ningar frå Anna Grostøl sitt materiale:

«Ein mann stelte til so høg ei ramme, for kona hans skulle stelle til halsskjert åt han. Eg såg rammen 188 høg og 43 cm. bred. Ein mann laga seg halsbind sjølv på denne måten, men utan mønster av noko slag. Sydde det saman i midten so det vart faks i begge ender. «Tvæ og ei halv aln langt.»

«Oss kalla det «ram-slisse» og «ramslått.» «Det æ kje hekla, de æ sli 'e i rame» kunde ein segje. Det va mykje «handklæ-slisse» te «smal-handkle» ein slo i rame. Ein kan også snu ramen op ned. Då får ein «vend-sjel.» Det hadde ein til «stubbe-votta», med hekla tome. «Det va luggumt mæ vendsjel då. Men det er litegrann vanskeleg med det, når ein skal ta til att, etter ein har snudd ramen. Det har mykje å segje at ein held på å fingre så ein kan få det væl uppåt og nedåt, sjelet, når ein skifter ut spjilke.» «Pyntehandkle med «ramslått» på, forskjellig mønster oppe og nede. «Sjernrånd» den eine staden og «Sjerngang» den andre. Dubbel so seint å lage ramslått til eit handklæ, enn å flette det,» sa Guro Breiskriden. Ho hadde lært dotter si å flette, men ikkje lært ho sprang! Synne Kjørren har laga det eg fekk ein bete av. 40 øre spranget fekk dei. Ho Guro har ei ramme som er større og ei som er mindre. Ein hakk her og kvar til å feste tråden. «Synne Kjørren heldt råma imot seg med kneet» på den eine foten, «hadde eine foten inni råma, og hin frammed» (kneet på hin var det som støtta). «Gjekk med ramen – turde kje sjå på det eingong. Synne Kjørren kunne det. Dei få gjorde det så lynende fort og ville ikkje lære det bort.» «I rame får dei tvæ og tvæ slisse». (AGS, s. 72 og 926).

«Guro Fallingen var den som heldt uppe spranget dei andre gløymde.» Anne Ødegård (jordmor) hadde langhandkle i ny 8-skaft dreiel og slisse frå Guro Fallingen.

«Guro Breiskriden vert 70 til hausten (i 1930), var glad for å selje ein duk til 2 og ½ kr., storglad for 3» (AGS)

Det er Guro som har laga den eine altarduken til Skjåk kyrkje på 1920-talet, Rønnaug Haugen har laga den andre.

I 1928 då Anna Grostøl samla materiale til sprangboka si, skreiv ho til Kari Hyrve (f.1895) og spurde om ho ville sende henne sprangarbeid frå Skjåk – til lån eller kjøp. Kari

Hyrve sende desse tinga:

1 barnejumper laga av Rønnaug Haugen, kr. 10,-

1 duk laga av Brit Langleite.

1 par stuttvotter laga av Magnhild Kojet eller Holemork.

1 par stuttvotter og 1 sliss laga av Marit Viken (mor til Guro Breiskriden).

1 sliss laga i Skjåk av ukjend produsent.⁸

I brevet som følgjer sendinga, skriv Kari Hyrve m.a.:

«Rønnaug Haugen som har arbeidd barnejumperen har nokså mange sprangarbeid. Millom anna har ho tvo barnehuvor. Ei for gutter og ei for jenter. Ho har jumpers for voksne i ull. Her er i det heile svert mykje sprang. Det er vel knapt nokon heim der det ikkje finnst meir eller mindre av det. Etter at Kari Bu var her uppe i sumar, har eg lagt merke til mønstrer eg ikkje før har sett.⁹ Det var hjå Kari Bu eg såg ein slik stor duk i sumar, vel ein meter på kvar kant. Mønstri trur eg var dei same som på denne eg sender, då det er den same som har arbeidd han. Sundag gjekk



Ei av dei to sprangtoppluene på Breiskriden, laga av bandspunne 2-lagt ullgarn. Laga av Guro Breiskriden. (Foto Torbjørg Gauslaa).



Kvinnegensar i bandspunne 2-lagt naturkvitt ullgarn. Botnstriper i høg- og venstrevendt sprang med mønsterbordar. Gensaren er sett saman av fire sprangstykke frå to oppsettinger. Skulderstykket er i tettare binding. Hekling i halsopning og nedre kant. Laga av Guro Breiskriden, og brukt av henne eller av døtrene hennar. (Foto Torbjørg Gauslaa).

eg til Lars Langleite, mannen til ho som arbeidde dukane. Brit døde for vel eit år sida. Eg tenkte han kunde ha att nokon so eg kunde få kjøpt ein. Men det hadde han ikkje.

Seinare fekk eg spurt ut ein hjå ei gamal kvinne og ho var viljug til å senda sin. Denne er då mindre, men dei har vore brukte i ymse storleikar. Den same kvinna (Guro Breiskriden?) sende også med eit par stuttvåtter og tvo slisser. Desse slissone vert nytta på pyntehandklær, rundt dukar, alterdukar, t.d. som innfoldingar (mellomverk) i putevar, laken, gardiner og liknande.» (AGS)

Takka vere brevet og sendinga frå Kari Hyrve i januar 1929 kjenner vi namnet på den eldste kjende som kunne dette handverket. «1 par stuttvåtter, gjort av Magnhild Kojet eller Holemork.» Dette er det einaste vi kjenner av hennar arbeid, og stuttvottane måtte i 1929 vere meir enn 50 år gamle.

Magnhild Olsdr. Holemork (1790-1871), gift 1818 med Hans Amundsen Kåjede, hadde ingen barn.

Marit Vigstadviken var sju år yngre og levde 13 år lengre enn Magnhild Kåjede. Faren hennar Magnhild var frå Vigstad nordre, og mannen hennar Marit frå Vigstad søndre.¹⁰

Det står som eit ope spørsmål om desse to eldste og jamngamle spranghandverkarane, fødte på slutten av 1700-talet, har handverket i tradisjon frå dei to Vigstadgardane, og om sprangtradisjonen i Skjåk har overlevd på Vigstad?

Det ser ut som det er ein Skjåktradisjon dette med å lage dukar og løparar i sprang. Dette er storarbeid der heile tekstilen er i sprang.

Dersom renninga var lang nok, fekk dei to dukar, «tvillingar», på ein gong, men dei to delane kunne òg syast saman til ein, med saum på midten. På dei sidene som ikkje hadde frynser frå arbeidet, sette ein som oftast på smale «slisser» eller sprangbordar med frynser.

Brit Langleite laga òg runde dukar. Diverre kom ingen av desse for dagen att ved Skjåk husflidslag si sprangregistrering og -utstilling i 1988. Men det er kome fram opplysningar om Brit sine runde dukar, og vonleg kjem dei fram frå sine gøymer.

Av Guro Breiskriden sine arbeid vart det re-

gistrert omlag 30, m.a. duken som Anna Bruheim kjøpte av henne i 1941 for 10 kroner. Anna kunne fortelje at Guro på same tid selde 10 dukar til dokter Kjørstad for 100 kroner, på to sprangsal hadde ho tent 110 kroner. Med dette er det sikker kjennskap til minst 30 dukar og løparar, laga av desse fem spranghandverkarane.¹¹

På Skjåkregistreringa var 14 av Tea Forberg sine arbeid med, m.a. pyntehandkleet med dei to 140 cm lange «slissene» som Tea i 1935 fekk seks kroner for.

Tea Forberg (f. 1908) er ein dyktig handverkar. Dei siste åra har ho laga store sprangbordar til fem altardukar. Båe kyrkjene i heimbygda, Nordberg og Skjåk, har fått kvar sin som gåve frå Tea!


I Vestfold var dei ille ute. Løvøy kapell hadde mista altarduken ved vask og sat att med forsikringa. Dei visste ingen som kunne laga sprangbord til ny duk. Tea tok på seg dette storarbeidet. Mønsteret tok ho ut frå eit bilete av den gamle.

Til Nore kyrkje i Numedal laga Tea i 1990 sprangborden til den nye altarduken. I 1990 har ho også laga borden til altarduk i Nore stavkyrkje.

Det året Tea gjekk for presten, såg ho den eldre kusina si, Tora Moastuen (f. 1890) arbeide, «ho før over veven nokre gonger.» Tea gjekk heim og laga seg ei lita ramme med renning i, og ho fekk til både «rett slyng» og å «ta hol», og frå då har ho kunna det! I førstninga hadde ho ingen mønster, men fekk etter kvart nokre av søstera Guro. Seinare ein gong lånte ho Tora Moastuen si store ramme og hjelpte henne med å få i stand ein større vev.¹²

Tea Forberg er bindeleddet mellom dei gamle og dei nye som kan dette handverket å slå i rame. I 1979 var Tea lærar på dag- og kveldskurset i Skjåk husmorlag. Fleire av deltakarane var instruktørar på nytt kurs i 1980. Live Elseth var ei av dei 13 som fekk lære Magnhild Kåjede og Marit Vigstadviken sitt handverk av Tea Forberg. Ho viste sprang på Maihaugjubileet «Dølane kjem» i 1987.

Skjåk husflidslag fortener takk for tiltaket dei sette i gong i 1988: Registrering og utstilling av sprang. Dei arrangerte òg ein sprangkveld der Anna Grostøl sine filmopptak frå 1941 med 81-årige Guro Breiskriden vart vist.




▲ Sprangduk (løpar) i bomull med saum på midten, påsette sprangbordar på langsiden. Duken er av fire delar frå to oppsettinger, og er 68 cm lang og 36 cm brei. Laga av Guro Breiskriden. (Foto Torbjørg Gauslaa).


▼ Anders Skrede i Vågå kjøpte i 1936 denne sprangduken (140 cm x 72 cm), no på Maibaugen, DSS 11689. Den skal vera frå Skjåk, laga av Marit Viken – det må vera Marit Vigstadviken. Det er opplyst at bomullsduken er ca. 200 år gammel, men det må i 1936 vera 100 år for mykje. (Foto DSS).



Pyntehandkle i lin med sprangbordar av bomull. Laga av Tea Forberg. (Foto Torbjørg Gauslaa).



Sprangbord av bomull til pyntehandkle. Laga av Tea Forberg. (Foto Torbjørg Gauslaa).



Ein del av sprangarbeida frå Skjåk vart vist på jubileumsutstillinga til Gudbrandsdalens husflidsforening i november 1988, m.a. med demonstrasjon ved Tea Forberg og Live Elseth.

LOM

Marie Eistensdtr. Jordet (f. 1891) bur no på Lom Helseheim. Om sprang har ho våren 1988 m.a. fortald dette til Anne Jorunn Dal-segg og Torbjørg Gauslaa: Ho var 6-7 år gamal

siste gongen kona frå Vigstadviken før og selde sprangslisser og små firkanta brikker, for vel 90 år sia! Elles hadde Marie sett sprang på handkle heime.¹³

Marie Jordet lærde seg sprang medan ho i sju år var jordmor i Nordberg i Skjåk, frå 1915. Ho og ei kone «tå Lykre-folket» frå ein husmannsplass under Nordre Lykre gjekk ein dag til Langleite, til Brit, for å sjå korleis ho gjorde det. Marie laga seg ei enkel ramme, og ho arbeidde seg fram sjølv, etter å ha sett kor-

leis Brit gjorde det. Seinare fekk ho laga seg ei større ramme. Ho arbeidde mykje sprang, særleg i dei 30 åra ho var jordmor i Hovin i Telemark. Der var sprang lite kjend. Det var mest handkleslisser ho laga, men i den store ramma ho hadde, laga ho to svarte tvilingsjal.

Fig. 33 i *Sprang* er mønster frå handklesprang frå Lom, no på Norsk Folkemuseum.

LESJA

Frå Lesja fortel Anna Grostøl i 1930 eller 1934 m.a.: «Såg berre to linsprang der, men mange av bomull. Eitt mønster gjekk att, litt variert, på Skålgård, hjå Gyda Præstrud og det eg fotograferte frå Tordhol. – Det var lik Sandbumønstret i Vågå. «Heklesprang» kunne dei segja om ein hekla blonde. Ei kone på 85 sa: «Di gamle som va føre mor mine, kunde det. Nei, det er nok ingen ting att etter henne.»

«Mor gjorde sprang frå ho var ung. Ho var frå nord-på-Endstad. Nei, eg veit ingen som lærde av henne, eg hadde kje lyst. Ho heldt alltid grinda so at namnet vende upp. Je veit ikkje andre her på skogen som gjorde sprang. «Kattlabbe» kalla ho rosene med hol. Nei, det var visst ikkje att noko etter henne. Det var rart å sjå sprang att,» sa ho (informanten) rørt og strauk over prøven. Ho hadde hatt på mange laken.

Mor hennar Karoline Endreplass (Anne Stavem 1833-1906) ville ikkje lære Karoline å lage sprang. «Det er kje tenleg ti di», sa ho. Ei korgbløye av blank heimelin med linsprang på hadde kje vore breidd ut i dei 40 åra ho (Karoline) hadde hatt ho.»

«Brit Dosest (1829-1921) lærde kje sprang til andre enn dotter si Mari. Ho Brit vilde kje laga sprang når nokon såg på. 71 x 87 cm. var ramma hennar visst. Når nokon bad om å få lære sprang av Brit Dosest, sa ho det var «so anstrengjele», der var so mykje rekning med det. Dosestbrit var frå Slettahaugje, ho døydde på gamleheimen i Lesja». (AGS, s. 926)

Kari Belle (1892-1977), gift Øyan, var med på å halde det gamle spranghandverket i hevd inn i vår tid. Ho er handverkaren Lesjafolk i dag hugsar gjorde sprang, og ho heldt på med sprang i ei tid då det var få som kunne det, eller som dreiv med det.

I 1950 laga ho altarduken til Lesja kyrkje. Sjølve duken har ho vevd i 3-delt dreiel. Sprangborden der ho sjølv laga mønsteret, har teksta «MINNE 1950.» (AGS)

I AGS sprangnotat s. 22 og 40 er det bilete og arbeidsteikning til spranghandkleet Jøran Tordhol (f. Bjørkne 1893) hadde etter mor si på Bjørkne, med «dambrettmønster». Liknande mønster er kjend andre stader frå. Fig. 18 i *Sprang* er mønster frå «Gammelt sprang på nyt handklæ, kjøpt av Oline Hole i 1905, DSS 2632-33.» Dette er med stripeverknad, men elles same mønstertype som desse med dambrettruter. Om det er eigaren som har laga desse, er ukjend.

DOVRE

Dovre er òg halde for å vere ei bygd der sprang heldt seg lenge. Diverre gjorde ikkje Anna Grostøl opphald her, difor er det få opplysningar å finne.

Fig. 17 i *Sprang* er bord bregda etter sprang frå Dovre, no på Maihaugen.

FRON

Marie Sigstadbo, Nord-Fron, kunne truleg sprang. Til Anna Grostøl si mønstersamling av sprang har ho på 1920-talet laga arbeidsteikning til fire mønsterbordar slik Anna Grostøl teikna arbeidsmønstra, to frå Nord-Fron og to frå Vågå, no på Maihaugen.

Fig. 13 og 23 i *Sprang* er bordar bregda etter andre sprang-mønster frå Nord-Fron.

Sprangregistrering

I 1988 starta Skjåk husflidslag arbeidet med å registrere spranghandverket i Skjåk. Det er å vona at andre lag i Gudbrandsdalen følgjer etter og set i gong registrering av det som er levande tradisjon i bygdene. Dette historiske handverket er viktig for folk i dag òg.¹⁴

Anna Grostøls Samlinger er kjelda for dei fleste opplysningane, og dei viser berre litt av eitt av emna ho arbeidde med frå omlag 1920 og fram på 1950-åra, og kva for ei kjelde vi her har å ause av.

Elles takk til kvar og ein som har vore til hjelp og som har gjeve meg opplysningar om desse kvinnene som var og er så dyktige i sitt handverk – i ramslått eller sprang.

LITTERATUR

- Altarduk og oblatoskje, i *Kyrkjeblad for Vågå* nr.4 1990
- Abrahamsen, Tina: *Sprang*. København 1975
- *Språngning*. Uddevalla 1977
- Broholm, H.C. og Hald, Margrethe: To sprangede Textilarbejder i danske Oldfunn, i *Aarbøger for nordisk Oldkyndighed og Historie* 1935
- Bugge, Astrid og Haugstoga, Signe: *Damaskveving på bondegården*. Oslo 1968, ny utgave 1981
- Bugge, Astrid, Engelstad, Helen og Kvaal, Valborg (red.): *Statens kvinnelige industriskole 1875-1950*. Oslo 1950
- Buggeland, Tord og Ågotnes, Jakob E.: *Maihaugen. De Sandvigske Samlinger 100 år*. Oslo 1987
- Collinn, Maria: Gammelskånska band I och II, i *Fataburen* 1915
- Collingwood, Peter: *The Techniques of Sprang*. London 1974
- Dagningen*. Flott handverk i Vågå-kyrkja. 8.9.1990
- Dedekam, Hans: Et tekstilfund i myr fra romersk jernalder, i *Stavanger museums årbok 1921-24*.
- *Hvitsøm fra Nord-møre*. Trondheim 1914
- Engelstad, Helen: *Refil – bunad – Tjeld*. Oslo 1952
- Ficher, Birthe Karin: *Fingervæving*. Viborg 1978
- Gauslaa, Torbjørg: Litt tekstilhistorie frå Nord-Østerdalen, i *Årbok for Nord-Østerdalen 1981*. Tynset 1981
- *Anna Grostøl på Lista*. Raufoss 1989
- Geijer, Agnes og Hoffmann, Marta: Språngning, i *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder*. Oslo 1971
- Geijer, Agnes: *Birka III*. Uppsala 1938
- Grostøl, Anna: *Sprang-Hoseleggen fra Teglmyra*. Manus i Anna Grostøls Samlinger i NF, truleg trykt i tidsskrift 1926/27.
- *Sprang med arbeidstegninger*. Oslo 1932, ny utgave 1977
- For bygd og by* Anna Grostøl? Sprang. Ein handarbeids-teknikk som er gløymd. 1918
- Gamle norske kniplinger. Sprang – bregding. 3.4.1921
- Gudbrandsdølen/Lillehammer Tilskuere*. Gamalt handverk i hevd i Skjåk. 2.3.1988
- Skjåkvæver viser sprang i Husfliden. 16.4.1988
- Gåver til Vågåkyrkja. 10.9.1990
- Hald, Margrethe: *Baand og snore*. København 1942
- *Olddanske tekstiler*. København 1950
- *Flettede Baand og Snore*. København 1975
- *Ancient Textiles from Bogs and Burials*. København 1980
- Hoffmann, Martha og Trætteberg, Ragnhild: Teglefunnet, i *Stavanger museums årbok 1959*
- Hoffmann, Martha: *Fra fiber til tøy*, Oslo 1991
- Jakhelln, Sofie. «Sprang» av Anna Grostøl, i *Husflidstidene/Nordlandsposten*. 29.4.1936
- Jensen, Agnete Ødegaard: Sprang, en gammel men moderne fletteteknikk, i *Dansk busflid* nr.3 1984
- Jensen, Elisabeth Skytte: *Sprang*. Lejre 1971, ny utgave 1978
- Knutsen, Bodil og Pedersen, Elisabeth: Bregding, i *Årbok for Fosen* 1986. Orkanger 1986
- Kotiteollisuus. *Vitellöidut kaulahuivit/Halsduk gjord i pinnabandspets*. Nr.6 1978
- Kvale, Synnøve: *Mjølkskolven*. 1937
- Kvaale, Olav T: *Gamalt frå Lom*. Lom 1975

- Løkken, Gerd Olov: Sprang, i *Norsk busflid* nr. 4 1980
- Mohn, Rolv: Ein tå sæterturum mine og hass far, i *Årbok for Gudbrandsdalen 1980*
- Nesvold, Gerda: *Sprang*. Tromsø 1982
- Neumann, H.H. og Bruheim, Erling: *Ættebok for Skjåk I*. 1946
- Bruheim, Erling og Anna: *Ættebok for Skjåk II*. 1969
- Nilson, Karin: *Pinnbandspetsar*.
- Nylén, Anna Marja: *Hemslöjd*. Lund 1968
- Pinnbandspets Språngning*. Utgjeve av Jämtland Läns Museum, Østersund
- Sandvold, Astrid og Arneberg, Halfdan: *Sprang*. Oslo 1927
- Tandsæther, Marie Helén: Sprang eller bregding, en gammel fletteteknikk. *Meldingsblad for Gudbrandsdalens busflidskole*. 1967
- Trotzig, Liv og Axelsson, Astrid: *Band*. Västerås 1958, ny utgave 1978
- Østby, Tove: Sjal i sprangteknikk, i *Forming*, nr. på 1960-talet

UTRYKTE KILDER

- Anna Grostøls Samlinger i Norsk Folkemuseum.
- Maihaugens arkiv, utklippbok nr. 12, fleire artiklar.
- Møteboka til Skjåk Husflidslag, april 1926.
- Guro Breiskriden sin diplom frå «Husflidsutstilling» i Skjåk 1925.
- Skjåk Husflidslag sine registreringar, 1988.
- Eigne registreringar og innsamlingsarbeid.

SIGNATURLISTE

- AGS : Anna Grostøls Samlinger i NF
- NF: Norsk Folkemuseum
- DSS : De Sandvigske Samlinger, Maihaugen
- TG: Torbjørg Gauslaa

NOTER

1. Maihaugen De Sandvigske Samlinger 100 år 1987, s. 75, s. 112-113.
DSS utklippbok nr. 12: 15. juni 1914 flytte 13 handverkarar, m.a. Augusta Helberg, inn på Bjørnstad, Knutslykkja og Øygarden. Det handverkarane laga i løpet av sommaren vart frå 6. september vist på ei utstilling i Bjørnstad og Øygarden. Neste vinter blei utstillinga vist i Kunstnerforbundet i Oslo. Utstillinga fekk god presseomtale.
2. Truleg var dette lærarinna til Anna Grostøl då ho gjekk på Den Kvinnelige Industriskole i 1919. På s. 48 i Statens kvinnelige industriskole 1875-1950 finn vi dette om sprang: «I 1923 ble det første sprang bregdet ved skolen, men først i 1929-30 ble det framgang og fart i sprangarbeidet. Under sitt arbeid for å få fram igjen gamle norske teknikker festet fru Annette Schirmer seg også ved den eldgamle sprangteknikk. Det ga støtet til at sprangarbeid ble tatt opp ved skolen. – I min hjembygd Furnes på Hedmark fikk jeg lære teknikken av en budeie fra Skjåk i Gudbrandsdal, som sa hun hadde lært den av sin olde-mor (Marit Vigstadviken?). Det ble nå samlet inn gamle mønstre som ble lagt til grunn for undervis-

- ningen. Det var den gang moderne med frynser. Sprang ble anvendt mest på runde duker, men også til alterduker og kalk-klede som ble utført etter tegning fra tegneklassen.»
3. Anna Grostøls Samlinger. Samlingene inneheld tekster, 1254 negativer med opplysningar, 1600 m filmopptak og 1045 prøvenr. og modellar. Tekstmaterialet er paginert frå s. 1 – 1374. Sprangnotatane er samla for seg, i tillegg er det sprangopplysningar (intervju) på sidene 72 og 926-931 i tekstmaterialet. Sprangnotatane inneheld forarbeidet til boka Sprang 1932, og det materialet ho elles hadde om sprang så som intervju, bilete og arbeidsteikningar.
 4. I Vågå vart ho kalla Maria, men i brev til Anna Grostøl skreiv ho seg for Marie.
Om Bergegarda, sjå s. 149-151 i Årbok for Gudbrandsdalen 1980.
 5. Sju av dei 12 para Marie nemner i brevet i 1928 har DSS nr. 2635-2641. Dette er sprang til nye pyntehandkle. Fem eller seks par er laga i 1913 og eitt par i 1914. Truleg har alle pyntehandklea vore nytta til husbunad i ymse hus på Maihaugen. Anna Grostøl såg fleire av dei i bruk i 1928. Kortkatalogen på Maihaugen viser at DSS nr. 2635-2640 var i bruk i 1945.
 6. Det gamle broderiet er kopiert på den noverande altarduken i Vågåkyrkja, brodert av Ragnhild Hagen i 1987-1990. Duken har ikkje sprangbord.
 7. Teksta på diplomten ho fekk: «Husflidsutstilling i Skjåk 1925. Guro Breiskriden er tilkjend 2de premie for sprangarbeid, 3de premie for bragding og heidrande omtale for knytning.»
Frå utstillinga i 1926 i Nordberg skulehus, les ein i møteboka til Skjåk Husflidslag (starta 1925) at desse fire fekk premie for sprangarbeid:
1. premie Rønnaug Haugen (ull-jumpar og hvor i sprang)
3. premie Brit Langleite
3. premie Margrethe Haugen
3. premie Ingrid Haugen
 8. Fig. 29 «Kyrkjevott» i *Sprang* er ein av desse, med botnstriper i høgre- og venstrevendt sprang/«vendskjel» med mønster.
Om vantane har Anna Grostøl m.a. notert: «Kyrkjevotter» dei kvite halv-vantan. Kunde ikkje gå til kyrkje utan. «Tvihendes», «stubbvotter» heitte dei i dagleg tale. Dei er bregda samstundes so ein høgre- og ein venstrevendt. Sydd saman attmed veslefingersida. Tommelen strikka.» (fig. 29 i *Sprang*)
 9. Kari Bu frå Sel var i slekt med Kari Hyrve. Ho hadde lært sprang av Anna Grostøl på eit 5-dagars sprangkurs i Land på 20-talet. Alle tre var lærarar.
 10. Marit Vigstadviken, barnebarna hennar, Brit Langleite (1857-ca1927/28) og Guro Breiskriden (1860-1945), oldebarnet Maria Breiskriden (1900-1981) og Tea Forberg (f. 1908) er alle kjende for å ha laga sprangdukar og løparar.
 11. På Breiskriden er det òg registrert tre ullplagg, laga av Guro eller dottera Maria. Det er ein ullgenser utan ermer og to toppluer. Begge luene må ha kvar sin «tvilling», kor kan dei vera no? Plagga er laga i 2-lagt naturkvitt handspunne ullgarn med S-snu og Z-tvinn. Alle tre plagga er laga med botnstriper i

- høgre- og venstrevendt sprang og med «vendskjel» med mønsterbordar.
12. Mormor og farfar til Tea og Guro og mormor til Tora (same mormor) var søsken til Marit – mor til Guro Breiskriden.
 13. I «Gamalt frå Lom» fortel Nils Akslen om «Annan heimindustri» m.a.: «Ei kjerring frå Vigstadviken fór med tugu og grautband. Grautbanda var bragdeband, vovne i bandgrind. Dei vart brukt når sendingsgrauten (rumgrauten) i ambaren skulle ballast inn.» Truleg er det same kona, Marit Vigstadviken, som gjekk og selde sprang, slik Marie Jordet fortalde det i 1988.
 14. Materialet i sprangarbeida kan vera ull, lin og bomull.
I Tillegg II «Mjølkskolven» i «Gamalt frå Lom», skriv Synne Kvale i 1937: «Ull, lin vart dyrka, sia hamp, ambo te å reie lin å hamp. Heklo finst mange stann, skalde å bråk veit e finst på S. Aukrust.
Den siste hampeakeren på Vekkje trur eg mått være sist i 60-årom. Da va bomullsgåne kome, de fyste va eingjengt, sia kom tvålågt, de alle fyste va bomull som vart spunne heime.»
I «Damaskveving på bondegården» kan ein lesa: «I januar 1838 averterte fire Lillehammerkjøpmenn for første gang til salgs bomull og bomullgarn, bleket og ubleket (Oplands-Tidende 1938/39).»
Frå den tid det vart vanleg med bomull, er dei fleste sprangarbeida i bomull. Guro Breiskriden ville helst ha bomullgarn. Sonekona, Signe Dalen, hadde kjøpt lingarn i Husfliden i Oslo – til slisser Guro skulle laga til henne. Guro laga dei i lingarnet, men ho likte ikkje å arbeide i lin.
(Skjåkregistreringa 1988).
For alle dei som eig sprang (eller andre gamle tekstilar) kan materialet vere med på å datere dei. Tekstilar som er laga i bomullgarn er neppe eldre enn frå midten av 1850-talet.